

Norsk Villakssenter ligg ved Lærdalselva – ei av dei mest kjende lakseelvane i Noreg. Her får du læra om livshistoria til atlantehavslaksen og om tradisjonane kring laksefisket.



Akvarium med villaks frå Lærdalselva

Lær deg å skilja mellom villaks og sjøaure der dei står under fossen i den 20 meter lange laksehølen. Dei er så nær at du nesten kan ta på storlaksen ...



Utstillingar som gir kunnskap om livet og historia til laksen

Korleis kan laksen finna tilbake til heimelva si frå Atlanterhavet? Kvifor er laksen raud i kjøtet? Kor langt kan laksen vandra per dag? Kor høgt kan laksen hoppa?



Flugebinding i flugebindarverkstaden

Sjå korleis vi lagar ei laksefluge steg for steg. Utstillinga viser dei sterke tradisjonane flugebindingskunsten har i Lærdal. Ei av flugene krev opptil 50 arbeidsoperasjonar før ho er ferdig. Veit du kva ho heiter?

Suvenir- og gåvebutikk

Vil du ha med deg eit reiseminne frå Lærdal og Norsk Villakssenter? Eller skal du rett og slett berre kjøpa ein presang? Då kan du ta turen Trondheim innom butikken vår. Her finn du eit variert tilbud av gåver og suvenirar.



Laksen og mennesket

I kulturdelen får du innsyn i mellom anna gamle fangstmetodar. Kva reiskap fanga dei laks med tidleg på 1800-talet? Når starta lakseturismen i Noreg?

Prislønna film om Atlanterhavslaksen

Filmsalen har 150 sete, og her kan du sjå den dramatiserte filmen om livet til laksen – sett med augene til laksen sjølv. Filmen går på fem språk og varer i 20 minutt.



Kafe

Er du svolten, kan kanskje eit laksesmørbrød eller dagens suppe falle i smak? Kafeen serverer nydelege smørbrød og heimelaga kaker gjennom sumaren, og i høgsesongen serverer vi dagens suppe. Førhandsreservasjon for grupper. 60 sitjeplassar.



OPNINGSTIDER

Mai: 11.00–17.00 Juni, juli og august: 11.00–19.00 September: 11.00–17.00
Utanom sesongen: ring +47 576 66 771 (minst ti personar)



Norsk Villakssenter ligg om lag 100 meter frå Lærdal sentrum og 400 meter frå Lærdal ferie- og fritidspark.



NORSK VILLAKS SENTER

– ei oppleving for heile familien

Velkommen til Lærdal ved Sognefjorden



ANDRE ATTRAKSJONAR I LÆRDAL



Borgund Stavkyrkje er bygd kring 1150 og bevart så godt som uendra. Borgund er den mest kjende og særmerkte av dei norske stavkyrkjene. Kyrkja ligg omlag 30 km frå Norsk Villakssenter.

Gamle Lærdals-øyri er ein del av kommunesenteret på Lærdalsøyri. Med sine 161 verna trehus er området eit sjeldsyn på Vestlandet.

Det finst butikkar og handverksutsal i dei gamle husa 300 meter frå Norsk Villakssenter.



Velkommen til Lærdal og Norsk Villakssenter!



NORSK VILLAKS SENTER

Postboks 6, N-6886 Lærdal Telefon (+47) 57 66 67 71
Telefaks (+47) 57 66 66 82 E-mail post@norsk-villakssenter.no
www.norsk-villakssenter.no

Norsk Villakssenter er tilrettelagt slik at det er lett å ta seg fram for funksjonshemma.



Foto: Willy Haraldsen, Leif Hauge og Finn E. Krogh Framsidebilde: Normanns kunstforlag AS



Nyhende: Sogn kunstcenter og Lærdal turistinformatjon oppnar i 2011 i same bygget!